

---

**Fra:** Kjersti Møllerup Subba <KjerstiM.Subba@asplanviak.no>  
**Sendt:** 23. januar 2018 09:58  
**Til:** Ingrid Raniseth  
**Kopi:** Berit M Eskeland  
**Emne:** Oppstartsmøte reguleringsplan Meland gravplass  
**Vedlegg:** Rapport\_moglegheitsstudie utviding Meland kyrkjegard.pdf; TD02.pdf; Forslag til plangrense.pdf; SV Utviding Meland gravplass\_1.eml

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

Hei

I kommuneplanens arealdel er det avsett eit areal for utviding av Meland gravplass. Med anna på grunn av grunntilhøva i det aktuelle området, har det vore gjennomført eit moglegheitsstudie for å vurdere andre lokaliseringar. I den prosessen er det konkludert med at alternativ A i moglegheitsstudien bør leggjast til grunn for vidare utviding av gravplassen. Moglegheitsstudie har vore til handsaming både i Soknerådet, formannskapet, eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Alle desse organa har slutta seg til konklusjonen frå mogligheitsstudiet.

Alternativ A er i realiteten ei utviding av gravplassen slik den er planlagt i gjeldande reguleringsplan. Endringa vert i all hovudsak at det skal leggjast til rette for ny veg opp til øvste del av gravplassen. Saman med ny parkeringsplass her vil det stetta kravet til universell utforming av gravplassen. Det er og ønskeleg å legge om Bjørnestadvegen i samsvar med gjeldande plan. Sidan planen også viser omlegging av fylkesvegtraseen, og dette i alle fall på noverande tidspunkt ikkje er aktuelt, må det regulerast inn kryss / avkjørsle mot eksisterande fylkesveg i samband med reguleringsendringa. Vi har vore i kontakt med vegvesenet v/Marianne Skulstad når det gjeld vurderingar kring dette spørsmålet, og tilbakemeldinga derifrå ligg vedlagt.

Med dette som bakgrunn ber vi om oppstartsmøte med planmynda i kommunen. Vedlagt følger:

- Skisse til planavgrensing
- Moglegheitsstudie
- Foreløpige vegtegningar for ny tilkomst til gravplassen
- E-post frå vegvesenet

Gje ei tilbakemelding dersom det er behov for meir dokumentasjon eller informasjon som grunnlag for oppstartsmøtet.

Med vennlig hilsen



**Kjersti Møllerup Subba**  
Arealplanlegger  
Plan

T: 414 24 247  
E: [kjerstim.subba@asplanviak.no](mailto:kjerstim.subba@asplanviak.no)

Kom i kontakt med Asplan Viak



**Asplan Viak AS**  
Fabrikkgaten 3  
Postboks 2304 Solheimsviken  
5824 Bergen

T: 417 99 417  
[www.asplanviak.no](http://www.asplanviak.no)

Les vårt nyhetsmagasin  
[KVARTALET](#)